

**Til føresegnene i for reguleringsplan for del av Knarvik sentrum med utviding mot aust, medfører reguleringsendringa at det må gjerast fylgjande endringar:**

Under §2 om Fellesføresegner må teksten i pkt e) endrast til :

For all utbygging med tomteareal større enn 3000 m<sup>2</sup> eller samla golvareal større enn 800 m<sup>2</sup> uansett formål – vert det sett krav om utbyggingsplan (bebyggelsesplan) etter § 28-2 i Plan- og bygningslova. Det kan fremmast samla plan for fleire delområde. For område F/K1 skal det ligge føre godkjent utbyggingsplan før byggjeløyve vert gjeve.

Under §4 om OMRÅDE for parkeringshus må teksten endrast til :

**Område for parkeringshus**

Område P2 og P3 skal nyttast til parkeringshus. Bygg skal vere maks. 3 etasjar pluss loft. BYA skal ikkje overstige 85 % for det enkelte område. Det kan tillatast innslag av forretning og kontor i eventuell loftsetasje, eller dersom det vert dokumentert at senteret som heilskap har tilstrekkeleg parkeringsplassar i etablerte parkeringshus.

Parkeringshus ved P2 skal utformast med høg arkitektonisk kvalitet og framstå som viktig signalbygg i Knarvik senter. Ved utforming av P2 skal ein vurdere om det øvste dekke kan kopløst mot sjukeheimen.

Under §4 om Offentleg trafikkområde vert det lagt til eit pkt g).

Ved opparbeiding av offentlege trafikkområde ved skuleområde kan det gjerast endringar frå planen for å oppnå gode løysingar på tilkomst, parkering samt areal til bringing og henting av born.

Ny §15 for BLANDA FORMÅL Parkeringshus/Forretning P/F1:

Område P/F1 skal nyttast til parkeringshus. Bygg kan vere maks. 3 etasjar over terreng, og med 2 etasjar under terreng, maksimal mønehøgde kan vera 52,5 mOH.

BYA skal ikkje overstige 85 % for område.

Det vert tillate med parkering på tak.

1. etasje i bygget kan innreist til forretning.

Parkeringshus / forretningsbygg i P/F1 skal utformast med høg arkitektonisk kvalitet og framstå som viktig signalbygg i Knarvik senter. Ved utforming av nybygget skal det sikrast inngang til senteret frå gangbru langs fellesavkøyring.

Varelevering til senteret mot dette nybygget skal skje på byggets nordside, via område B/F/K2a.

Tilkomst til parkeringshuset skal skje via felles avkøyring til bygget sin 2. og 3. etasje.

Tilkomst til bygget sine 2 etasjar under terreng skal skje via område F/K1.

*Dat. 17.12.08*